

me ikkje hatt medlemsmøte på Lindås Bu og servicesenter men 10 frå styret og medlemmer var der på juleavslutning. Som vanleg var me på Westland hotell på julebord. Me har engasjert oss i Lindåstunet.

Av aktiviteter har me hatt: Den internasjonale aktivitetsdagen 10. mai i Lindås senter.

Eldredagen 1. oktober. Den markerte me i år samand med Kløve og Ostereidet pensjonistlag på Alver Hotell. Me hadde buss frå Lindås til Alver. Audhild Fosse leste frå Jacob Sande. Arne Mørch med Minnenes Melodier spelte.

Pensjonistforbundet Hordaland hadde stand på Knarvikmila og der var Steinar Furelid ,Kjell og Aud Hauge med. Steinar Furelid og Kåre Bastesen var på Årsmøte i Pensjonistforbund Hordaland.

Kåre Bastesen, Alf Sætran, Margit Kolås og Aud Hauge var på møte i kommunen ang. Morgendagens eldreomsorg.

10. Oktober hadde seniordansen saman med dei andre gruppene i området fellesdans i Lindåshallen. Det var svært vellykka.

Laget har tatt opp med kommunen: Fråråding om å flytta tannhelsetjenesta frå Lindås til Knarvik.

Laget har sendt skriv til Kyrkjeleg fellestråd om at dei ikkje må leggja ned Lindås kyrkjelydsenter.

Laget har også i år vært på teater, der såg me Hellemyrsfolket. Laget hadde også ein tur til Frekhaug folkehøgskule på Ivar Medås kveld. På seinsommaren hadde me ein gild tur til Flo og Fjære, været var fint heile tida men på vegen heim vart det dårleg vær.